

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-C0, FE-223
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 17.01.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.02.2022

Kultur - Arbeids- og etableringsstipend 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur delar ut arbeids- og etableringsstipend til følgjande aktørar

- Stine B. Eikefet kr 30.000
- Lydia Hoen Tjore Kr 30.000
- Barbro Wiig Sulebakk kr 30.000

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 005/22 Vedtak:

Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur delar ut arbeids- og etableringsstipend til følgjande aktørar

- Stine B. Eikefet kr 30.000
- Lydia Hoen Tjore kr 30.000
- Barbro Wiig Sulebakk kr 30.000

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Alver kommunestyre vedtok i møte 16.09.21 *sak 098/21 Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningsliner*. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.

Den totale ramma for kultur vart redusert med ein million kroner i møte i kommunestyret 16.12.21 *sak 164/21 - Økonomiplan 2022-2025*. Som følgje av kuttet vart tilskotsordninga redusert frå kr 7.700.000 i 2021 til kr 6.700.000 i 2022, ein reduksjon på 1 million kroner. Barn og unge har så langt som mogeleg blitt skjerma.

Denne sak gjeld arbeids- og etableringsstipend 2022. Tilskotet hadde søknadsfrist 15.11.21.

I følgje retningslina skal arbeids- og etableringsstipend gå til kunstnarar som er heimehøyrande eller driv verksemd i Alver kommune, som har inntekt frå kunstnarisk, kulturelle, kulturelle verksemd eller er under utdanning. Stipendet skal stimulere til lokal kulturutvikling.

Stipenda skal gå til følgjande tiltak;

- Eigenutvikling og auking av kompetanse
- Etablering av verksemd
- Utvikling av lokalt kulturliv

Aktuelle uttryksform er musikk, dans, scenekunst, litteratur, biletkunst, kunsthandverk og film/media.

Det kan delast ut opptil tre arbeids- og etableringsstipend innan kulturfeltet. Stipenda har ei øvre grense på kr 30.000.

Saksopplysninger:

Saka er sendt Alver kulturråd på høyring 17.01. med høyringsfrist 26.01.

Alver kulturråd har handsama framlegget på styremøte 19 jan 2022 og har ingen særskilte merknadar til framlegget.

Vurdering

Det ha kome inn tre søknadar om arbeids- og etableringsstipend innan kultur til Alver kommune for 2022;

- Stine B. Eikefet
- Lydia Hoen Tjore
- Barbro Wiig Sulebakk

Stine B. Eikefet

Stine B. Eikefet har jobba som muskar i London fram til ho flytta tilbake til heimkommunen sin (Alver) i 2020. Her driv ho eg verksemd under artistnamnet «Stine Norse», og spelar jamleg konsertar i Norge og utlandet. Med artistprosjektet lagar ho eigen musikk som låtskrivar og muskar.

Utover å jobbe som artist, studerer ho integrert masterprogram i musikkterapi ved Griegakademiet, UIB, og jobbar deltid som songpedagog ved Sangsenteret i Bergen.

Eikefet søkjar arbeids- og etableringsstipend for å skape eit album. Ho har nært samarbeid med Stian Sylta (musikkprodusent/muskar i Alver) og ønskjer å utvikle seg både som produsent, som kreativ person og som muskar.

Eikefet har registrert eit ENK (enkeltmannsføretak) med Alver kommune som skattekommune. Ho

arbeidar med å etablere eit studio i heimen på Seim.

Som det går fram av søknad, er alle songane til albumet ferdigskrivne i form av tekst og melodi. I eit tidsperspektiv som strekk seg frå november 2021 – oktober 2022, går det fram følgjande tidsløp;

Nov 21 – Kurs i vokalproduksjon ved AKKS Oslo

Jan 22 - Ferdig demo i samarbeid med Stian Sylta

Febr 22– begynne innspeling av album i heimestudio, hjå Stian Sylta med internasjonal samarbeid

Mars 22 – Kurs i songteknikk ved Estille Voice training, USF Verftet

Mai 22 – mål om ferdiginnspelt album

Juli 22 – Mål om ferdig mixing og mastering av albumet

September 22 – Mål om ferdig visuell profil for albumet

Okt 22 – mål om utgivelse av albumet med påfølgjande konsertar

Vurdering

Stine B. Eikefet er ei forholdsvis ung låtskrivar/musikar som har bodd i London i fleire år før hun vende heim til Alver kommune igjen. Stine oppfyllerkrav til arbeids- og etableringsstipend som det går fram av utlysingstekst.

- **eigenutvikling:**
 1. studerer masterprogram i musikkterapi og jobbar fr å utvikle seg som låtskrivar/musikar og produsent. Har etablert nettverk innan det musikkmiljøet i Alver. Eikefet ønskjer å ha fokus på eigenutvikling og auke av kompetanse.
- studerer masterprogram i musikkterapi og jobbar fr å utvikle seg som låtskrivar/musikar og produsent. Har etablert nettverk innan det musikkmiljøet i Alver. Eikefet ønskjer å ha fokus på eigenutvikling og auke av kompetanse.
- **etablering av verksemd**
 2. Eikefet har registret enkeltmannsforetak med Alver kommune som skattekommune. Etablerer studio i heimen på Seim
- Eikefet har registret enkeltmannsforetak med Alver kommune som skattekommune. Etablerer studio i heimen på Seim
- **utvikling av lokalt kulturliv**
 3. Eikefet er eit nytt tilskot innan kulturlivet i Alver. Ho har eit ønskje om å få produksjonskompetanse frå produsentar i London, Bergen og Kigali (Rwanda).
- Eikefet er eit nytt tilskot innan kulturlivet i Alver. Ho har eit ønskje om å få produksjonskompetanse frå produsentar i London, Bergen og Kigali (Rwanda).

Alver kommune ønskjer å støtte Stine B. Eikefet i utviklinga av sitt kunstnarskap som ei oppmoding om å halde fram med sitt kunstnarlege verke i kommunen med eit arbeids- og etableringsstipend på kr 30.000

Lydia Hoen Tjore er utdanna operasongar ved Operaakademiet i København og Det Kongelige Danske Musikkonservatorium der ho begynte då ho var 17 år. Ho var ein av dei yngste songarane nokon sinne som gjekk ut av Operaakademiet.

Hoen Tjore er i ferd med å etablere seg som internasjonal operasongar, 100% frilans. Samstundes er

ho i gong med å byggje hus i Nøtlevågen på Radøy og planlegg å ha det som heim og base for verksemda.

Forutan konsertverksemd og ulike operaroller i Norge og i utlandet er ein stor del av etableringa reiser på ulike auditionar og konkurransar innlands og i utlandet, samt reiser til i hovudsak Tyskland, Austerrike, Italia og USA for møter og arbeid med songlærarar, repetitørar, regissørar og dirigentar.

Hoen Tjore oppfyllar krav til arbeids- og etableringsstipend som det går fram av utlysingstekst.

1. **eigenutvikling:**

- Etter lang utdanning i København og Oslo, er Hoen Tjore i gang med å etablere seg på den internasjonale arena som operasongar. Gjennom samarbeid med internasjonale songlærare, repetitørar regissørar og dirigentar utviklar ho seg vidare som operasongar.

1. **etablering av verksemd**

- Lydia Hoen Tjore har framleis konsertar i heimkommunen Alver. Seinast julen 2021 hadde ho konsert saman med Lindås songlag og saman med andre familiemedlemmar i Sæbø kyrkje. Som det går fram av søknaden, er ho også i ferd med å byggje hus i Nøtlevågen for å ha det som base for verksemda si.

1. **utvikling av lokalt kulturliv**

- Lydia Hoen Tjore er ein stor ressurs for Alver kommune. I tillegg til at ho samarbeider med lokale lag og opptre på ulike arena lokalt, er ho ein internasjonal kapasitet som vil bidra med kunnskapsoverføring og kunne bidra inn i det lokale kulturliv.

Alver kommune ønskjer å støtte Lydia Hoen Tjore i utviklinga av sitt kunstnarskap som ei oppmoding om å halde fram med sitt kunstnarlege verke både lokalt og internasjonalt med eit arbeids- og etableringsstipend på kr 30.000

Barbro Wiig Sulebakk har i 25 år arbeidd med musikk for barn og unge som komponist, tekstforfattar og utøvande musikar. I tillegg til å jobbe med ny musikk, er ho også oppteke av å arrangere konsertar og førestillingar. Wiig Sulebakk driv sitt eige private studio og vokalsenter for barn og unge i Alver kommune. (www.zingzang.no). På ZingZang underviser ho 70 barn og unge og har omtrent like mange på venteliste. Ho vert inspirert av barna og skrivar ofte tekster basert på ting dei seier og gjer. Wiig Sulebakk vil at barn skal forstå tekstar og forstå meninga med teksten. Barn/unge i dag høyrar ofte musikk med engelske tekstar utan alltid å forstå innhaldet. Dette prøver Wiig Sulebakk å gjere noko med saman med barna.

Wiig Sulebakk kan vise til eit lang og innholdsrik CV med prosjekter, plater, førestillingar mm. Felles for det ho har gjort, er barn og unge i sentrum. Ho har opp gjennom åra også samarbeid med unge menneskje som har hatt ekstra utfordringar.

Wiig Sulebakk skriv i søknaden sin at ho har eit ønskje om å få til eit songtilbod på dagtid for barn og

unge som slitar og som treng ein annleis skuledag med låtskriving og musikk.

4. eigenutvikling:

- Barbro Wiig Sulebakk er ein etablert musikar, komponist, arrangør og mykje anna innan musikkfeltet gjennom 25 år. Likevel har ho planar om kva dei neste 25 åra skal bringe med seg. Ho planlegg «ressurscenter» for musikk i Sjøbod på Flatøy, plateprosjekt, komponere ny musikk, samarbeid med barn, unge, skoler og barnehage.

1. etablering av verksemd

- Wiig Sulebakk har drevet verksemda si i 25 år. ZingZang har 70 elevar og ca like mange på venteliste. Wiig Sulebakk ønskjer å fortsette å fornye konseptet og utvide når dei økonomiske ramma tillèt det, mellom anna med dagtilbod for unge med utfordringar.

1. utvikling av lokalt kulturliv

- Barbro Wiig Sulebakk har i mange år vert ein ressurs i Melland kommune, og nå også i Alver. Gjennom tallause arrangement for og med barn og unge, har ho vist eit stort engasjement for denne gruppa. Ho let seg inspirere av barn i tekstar og musikk, og samarbeid gjerne med desse når nye tekstar skal skrivast. Barbro Wiig Sulebakk har eit stort hjarte for det lokale kulturliv, og ønskjer å fortsette å bidra.

Alver kommune ønskjer å støtte Barbro Wiig Sulebakk både som ei anerkjenning for det arbeidet ho har gjort gjennom 25 år, og stimulere til utviklinga av sitt kunstnarskap som ei oppmoding om å halde fram med sitt kunstnarlege verke lokalt med eit arbeids- og etableringsstipend på kr 30.000

Vedlegg i saken:

01.02.2022 Alver Kulturråd - uttale kultur arbeids og etableringsstipend 2022

1680729